

MEDDELELSE

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 3

Juni 1975

73. årg.

Redigert av Ole Lie

TRØNDELAG MYRSELSKAP 70 ÅR

Jubileumsmelding ved Hans Hagerup*

1. Litt om arbeidet for utnytting av myr før året 1900.

Ved eit høve som dette kan det vera av interesse å sjå lenger tilbake i tida for betre å kunne skjøna det arbeid som er nedlagt av Trøndelag Myrselskap for utnytting av myrane, spesielt for Trøndelags vedkomande. Har myra hatt nokon verdi for folket i eldre tider slik som den har legi i naturleg tilstand? Til det kan vi utan tvil svara ja. Frå dei eldste tider var folket busette langs kysten. Denne var skogvakse langt nordover, store mengder røter i myrane vitnar om det. Skogen vart etter kvart forbrukt og ingen ny skog kom igjen. Det harde veret var ein medverkande årsak til det. Skulle folk halde fram med å bu der, var det brenntorva som måtte tene som brensel for oppvarming av husa. Utnytting av torv som brensel kan følgjast minst 1000 år tilbake i tida. Vi finn uttrykk for dette i namn på folk, og elles namn på stader langs kysten. Utnytting av torv som brensel er no gått sterkt tilbake, og mange stader er det heilt slutt med torvstikking. Dei har fått andre oppvarmingsmåtar. Torv som brensel er også nytta i seterbruket, dvs. på dei setrane som er liggjande over skoggrensa.

Frå gammalt har også myra vori *beiteland*. Visstnok var avkastnaden liten, men varierte etter kvaliteten av myra. Sjølv mosemyra ga eit ettertrakta beite tidleg på våren, etter at myra var tørka så mykje at beitedyra tok seg fram.

* Til Trøndelag Myrselskaps 70-års jubileum skrev Hans Hagerup en meget interessant melding om arbeidet med undersøkelser og utnyttelse av myrer og torvforekomster i Trøndelag. Jubileumsmeldingen ble utgitt til jubiléet. Ved i alt 44 års tjenestetid ved Det norske myrselskaps forsøksstasjon (hovedsakelig som forsøksleder), styremedlem og nestformann i Trøndelag Myrselskap m.v., har Hagerup den beste kjennskap til myrsaken. Selv om det av tekniske grunner blir noe forsinket, trykker vi nå meldingen her i Myrselskapets medlemsblad.

Myrviddene har innbydd og lokka folk til å prøve seg på dyrking av myr, men så lenge det fanst fastare jordbotn å ta fatt på, vart myra liggjande urørt.

Likevel var det dyrka noko myr også frå gamalt. Etter *Stangeland* (6) hører vi om nepedyrking på såkalte «nepegraver» på Vestlandet. Vatnet vart leida bort med opne grøfter. Jordhafrå grøfta vart spreidd utover teigen og finhakka utan at jorda under vart broti. Det vart nytta rikeleg med naturgjødsel, og nepefrøet vart breisådd. Etter eit par år til dette bruk, melde rotnmakk og ugras seg så sterkt og tok overhand, og feltet vart nedlagt og fekk liggja som sjølvsådd «eng». Ny nepegrav vart så teki ved sida av den gamle. Det er nemnt om slik nepedyrking også omkring Trondheimsfjorden. Dyrking av korn vart også prøvd på slike nepegraver. Store areal vart ikkje dyrka på den måten, og dei fall snart tilbake i naturtilstanden.

Omkring året 1750 hører vi om myrkultivering i litt større omfang. Såleist blir bonden *Nils Josteinson* på Hitra (dansk: Nils Justesen) kjent for si jorddyrking, ikkje minst for dyrking av myr, og som har fått si hylling i dikt av sjølvaste *Henrik Wergeland* for sitt arbeid. Han opnådde å få både sølvpokal og gullmedalje av «Det kongelige Danske Landhusholdningselskab».

Noko stort omfang fekk ikkje myrdyrkinga i denne tida og seinare utover. Folk vanta den nødvendige kjennskap til myrjorda sine eigne-skapar, både kjemisk og fysisk. Dei hadde ikkje gjødsel som høvde, kunstgjødsla var enno ikkje komen. Det var gjødsla frå husdyra som vart brukt, og den vart først og fremst nytta på fastmarka til kornet som var hovudveksten. Det var gjerne for lite av gjødsel og ofte av dårlig kvalitet.

Attagde grøfter tok til å bli kjente frå 1750, og som attleggsmateriale vart nytta stein, slik som på fastmarka. Når stein vart nytta ved grøfting på myr, ville den etter ei tid stikka opp i overflata på grunn av at myra sette seg etter grøftinga. Steinen vart til ei hindring i arbeidet. Grøftene vart også for grunt tekne.

Enga fekk skjøtte seg sjølv, den fekk ikkje den gjødsel som var nødvendig. På stutt tid kunne dei få bra resultat ved å brenne mosen i overflata. Oska etter brenninga gav ein del av den næring som plan-tane trøng. Om stutt tid måtte ny brenning til for å skaffe ny næring. På den måten kunne myra «tærast opp». Brannkulturen var lite brukt her til lands.

Ute i Europa var det denne «brannkulturen» som ga støyten til å ta myrkultiveringa opp til vitskapleg gransking. Myrbrenninga førte til store myrbrannar som gjorde mykle skade. Dei var nøydde til å gjera noko for å finne andre måtar for myrdyrkinga.

Den tyske staten oppretta i 1876 *Centralmoorkommisjonen*, og denne skulle ta seg av myrsaken. Kommisjonen gav tilskuvet til at Tyskland fekk den første forsøksgarden i myrdyrking på *Königsmoor* nær *Bremen* i 1877. Sidan gjekk det raskt med at andre europeiske land følgde etter. *Svenska Mosskulturföreningen* vart stifta i 1886 og

i 1894 oppretta selskapet forsøksgarden *Flahult ved Jönköping*. *Finska Mosskulturföreningen* vart stifta i 1895, og dei oppretta to forsøksgardar, ein for austre Finland, *Den Karelska forsøksstasjonen*, og ein for sørvestre delen av landet, *Leetensuo forsøksstasjon*. Det *Danske Hedeselskab* som vart stifta i 1864, tok i 1877 opp myrforsking på arbeidsprogrammet og har hatt myrforskning på fleire gardar, ein av dei ligg på *Den Store Vildmose — Fossevangen*. *Dei Baltiske statane* slutta seg saman og stifta *Baltischen Moorverein* i 1907, med ein spesialist i myrforskning ved universitetet i *Dorpatis*.

I vårt som i andre europeiske land, var det enkelte menn eller private selskap som tok opp nye idear og tankar til framskritt i jordbruksfaget, slik også når det galdt utnyttinga av myrane.

Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab i Trondheim byrja prøvedrift på *Ustmyra* året 1827. *Ustmyra* er ein del av *Heimdalsmyra*. Meininga var å finne ein dyrkingsmåte av myr til eng for bøndene. På grunn av manglende midlar måtte arbeidet snart innstilla utan at nokon metode vart funnen. *Landhusholdningsselskabet i Trondheim* overtok så arbeidet, men heller ikkje det kom til noko resultat. *Selskapet for Norges Vel* overtok myra og brukte 3000 spd. til dyrkingsforskning. Der vart prøvd: flåhakking og brenning av torva, leir og gruskjøring av myra, men det økonomiske resultatet var dårlig. Selskapet oppga arbeidet etter ei tid, og i 1856 vart myra seld for 450 spd. Det skal opplystast at myrtypen var sers vanskeleg, «brenntorvmyr», som er dårlig dyrkingsmyr.

I tida 1850—60 var det ei oppgangstid som følgje av Krimkrigen. Interessa for dyrking av myr tok seg opp att, trass i tidlegare feilslag. Private sette pengar i foretak, såleis kan nemnast *konsul Jervell* med dyrking på *Furlandsmyra*, *Vestnes*, *Romsdalen*, etter svenskens *Ekenstens* «bænkningsmetode». Eit stykke av den store myra vart oppdyrka på denne måten. Ein del bønder følgde eksemplet, det vart stifta aksjelag og lån søkt av statsmidlar. Metoden vann ikkje fram, og Jervell kom i pengevanskjar og den nye metoden døydde bort. Også i dette tilfellet vart det vanskeleg myr prøvene vart gjort på. Andre stader var dei heldigare med dyrkinga fordi dei hadde betre myr til føremålet.

Staten byrja å sjå framtid for myrdyrkinga, og for myrdyrking vart det vedtekne tilskottssordningar første gong i 1857, da Stortinget løyvde 6 000 spesiedaler årleg i 3 år til eit tilskottsfond til ubemidla småbrukarar. I tillegg vart løyvd 100 000 spd. (400 000 kr.) til «Myrenes uttapning». Den del av nemnde løyving som ikkje vart brukt, skapa det seinare «Myrdyrkingsfondet». (I 1892 skifta fondet namn til «Jorddyrkingsfondet» som nå forvaltes av Statens Landbruksbank). Pengane i det nemnde fond vart lite brukt, den interesse som myrdyrkinga hadde i oppgangstida under Krimkrigen slokna da nedgangstida meldte seg, og dessutan var folk skeptiske på grunn av ein del mislukka dyrkingar.

Av større dyrkingar kan nemnast at omkring 1880 tok statsråd

Astrup ved Svanviken bruk på Nordmøre til med dyrking av dei store myrane der. I 1860 utarbeidde *amtsagronom Schults* dyrkingsplan for *Mæremyra i Sparbu*, men det gjekk enda 40 år før noko dyrking av myra kunne ta til. Det var lite av rettleiing å få i dyrking av myr. I 1896 fekk *agronom Stangeland* stipend for å studere myrdyrking i utlandet og vart same året tilsett som myrkonsulent. Han fekk Stavanger amt som sitt verkeområde.

Omkring hundreårsskiftet vakna igjen interessen for myrkultivering. Det var igjen oppgangstid, og dessutan kom gode resultater av forsøksarbeidet med myrdyrking frå andre land, spesielt frå Sverige. Dette gav impuls til å ta opp myrsaka på nytt. Private selskap med det føremål vart stifta. Såleis Bergens Myrdyrkingsforening i 1896. Seinare kom Kristiansand og Opplands jorddyrkingselskap og Romsdals Myrdyrkingsforening.

Det norske myrselskap vart stifta i 1902, og i 1904 Trøndelag Myrselskap.

Det norske myrselskap fekk så i 1907 oppretta *Det norske myrselskaps forsøksstasjon* på *Mæremyra*. Styraren der, som også var myrkonsulent, skulle bli rettleiar i myrdyrking, og med det hadde også vårt land liknande organ i rettleiinga som andre land hadde hatt lenge.

2. Myrarealer i Trøndelagsfylka.

Dei rettaste opgåver vi har over myrarealene i fylka, skriv seg frå *Landsskogtakseringen*. Resultata av denne er gjort kjent i publikasjonen «Taksering av Norges skoger», for Trøndelagsfylka i bind IV og VI 1924/25 (5). Takseringa er utført som linjetaksering med 10 m breide prøvebelter. Avstanden mellom linjene var 5 km. Den samla prøveflata utgjorde såleis 0,2 % av totalarealet. Det er rimeleg at ei uvisse melder seg når så liten del av totalarealet kjem inn under takseringa, men det er dei første arealoppgåver som byggjer på oppmålingar. Resultatet av målingane gav følgjande fordeling i hektar av totalarealet under skoggrensa av dei ymse markslag som vart utskild:

Markslag	Sør-Trøndelag fylke		Nord-Trøndelag fylke	
	ha	%	ha	%
Hagemark	55 694,0	3,4	29 691,3	1,3
Innmark	62 881,2	3,5	69 902,6	3,1
Vatn	72 846,1	3,9	136 186,6	6,1
Impediment	179 966,7	9,6	142 983,5	6,4
Myr	234 617,3	12,5	278 257,8	12,4
Produktiv skogmark	450 553,7	24,0	699 747,7	31,2
Høgfjell	803 879,9	43,0	885 142,5	39,5
Sum	1 869 699,0	100,0	2 241 912,0	100,0

For Nord-Trøndelag fylkes vedkomande vart i 1945 sluttført ei revisjonstaksering (3) med trongare linjenett, i gjennomsnitt 167 m mel-

lom takstlinjene, og ein takstprosent på 0,60. Det samla myrarealet vart da 262 298,0 ha., såleis ca. 0,7 % mindre myrarealet enn i 1921. (Merknad: I millomtida er vel ein del myr kultivert og er såleis ikkje med i målingane, men dei utgjer vel ikkje så stor prosent?) Det er store myrarealer i begge Trøndelagsfylka, og til dei nemnde arealer kjem dei som ligg over skoggrensa, noko tal for desse har vi ikkje.

Vanskane med å få meir sikre data over myrarealene våre kjem av at det er så mange små myrar, og med forholdsvis stor avstand mellom takseringslinjene, vil dei koma til å løyne seg bort. Store samanhengande myrvidder som t.d. i andre skandinaviske land, er sjeldne her i landet. Grunnen til dette er den brotne topografin landet vårt har. Av myrar som vi synes er store, kan for Sør-Trøndelag nemnast myrane på Hitra, Heimdalsmyra ved Trondheim og Momyrane i Åfjord. I Nord-Trøndelag kan nemnast Tranmyra i Overhalla og Mæresmyra i Sparbu, dei er no for størsteparten dyrka opp. I Skogn fjellområde er mange tusen dekar myr samanhengande. For å ta med øya *Smøla* i nabofylket Møre og Romsdal, er der ei samanhengande myrflate på 70 000 dekar. Trass i dei manglande store myrvidder i dei to fylka, er det likevel blitt store myrarealer samanlagt, og kanskje er det lettare å gjera seg nytte av dei mange små arealer myr enn dei store viddene når alt kjem til alt.

3. Trøndelag Myrselskap blir stifta.

Med bakgrunn i det som er sagt i det føregåande, må vi sjå *Trøndelag Myrselskap* blir stifta. Dei som følgde med i arbeidet for myrsaka i andre skandinaviske land, kanskje spesielt i Sverige, såg at her var eit arbeidsfelt der lite enda var gjort hos oss.

Trøndelag Myrselskap vart stifta den 23. april 1904, og kan i 1974 sjå tilbake på 70 års arbeid.

Dei som tok opp tanken om eit myrselskap var eit par medlemmer av *Trondhjems Tekniske Forening*, og dei kom med forslag om det i foreningsmøte. Grunna for det var dei sers høge prisar på kol og koks, og dei meinte ein burde nytte brenntorvressursane våre som brensel i staden. Det var spesielt med tanke på å nytta dei store myrområder i nærleiken av byen. Det førde til at ei nemnd på tre medlemmer vart sett ned til å greie ut spørsmålet. Til nemnd vart vald:

Gassverksdirektør Kaurin.
Overlærar Wleugel.
Landbruksingeniør Arentz.

Denne nemnda sendte oppmøding til Trondhjems Tekniske Forening om å sende innbyding til å stifte eit lokalt myrselskap og som skulle samarbeide med Det norske myrselskap. På eit møte i foreningen vart dette vedteki samrøystes, og i eit ekstraordinært møte i Trondhjems

Tekniske Forening den 26. februar 1904, kunne formannen i utvalget opplyse at ein måtte rekna med *Trøndelagens Myrselskap* så godt som å vera ein realitet. Det hadde da skrivi seg 155 som medlemer. Det vart så vedteki å setja ned ei lovnemnd til å utarbeida lov for eit slikt selskap.

Laurdag den 23. april 1904 vart haldi konstituerande møte i Trondhjems Tekniske Forenings lokaler. Formannen i arbeidsnemnda, *landbruksingeniør Arentz*, opna møtet og gjorde greie for det arbeid som nemnda hadde utført og sa millom anna:

«Myrsagen var et ledd i den kamp mod ufrugtbarhed, som særlig siden tiden omkring 1870 med kraft var taget op i våre nabolande. I Danmark hadde Hedeselskabet allerede opnået at lægge over 40 kv. mil myr og lyngmarke indunder kultur og Svenska Mosskulurföreningen hadde siden midten av 1870-årene med stigende budget og medlemstal, med stor energi taget sig af såvel dyrking som teknisk udnyttelse af myre»

Lovforslaget vart så opplesi, og med små endringar vart det vedteki. Nokre paragrafar skal vi ta med her. Føremålpargrafen fekk denne ordlyd:

«Selskabets formål er at virke for tilgodegjørelse av myr i de to Trondhjemske amter. Dette formål søges fremmet særlig gjennem spredning av kundskaber om myrs anvendelse, myrundersøgelser, gjødningsforsøk, samt støtte av foretagender sigtende til myrers udnyttelse i teknisk henseende.

Pg. 2.

Selskabet slutter sig til Det norske myrselskap.

Pg. 3.

Pengemidler søges tilveiebragt foruden ved medlemskontingent, også ved tilskud af andre institusjoner m.m.»

Av paragraf 5:

«Selskabets styre består af 6 medlemmer, to fra Trondhjems by og 2 fra hvert af amtene.»

Til det første styret i «*Trøndelagens Myrselskap*» vart desse valde:
Frå Trondhjems by: Landbruksingeniør Arentz.

Landbrukskjemiker dr. E. Solberg.

Frå søndre Trondhjems amt: Landbruksskolebestyrer J. Aasenhus, Heimdal.

Brukseier Schult, Lundamo.

Frå nordre Trondhjems amt: Amtmann Th. Løchen, Steinkjer.

Lærar O. Brå, Inderøy.

Til formann vart Arentz vald og til nestformann dr. Solberg som samtidig også var sekretær.

Det første styremøte var den 31. mai 1904. Der vart vedteki å øke samarbeid med Det norske myrselskap, ein søknad som vart imøtekomi, og siden har samarbeidet vara.

På same styremøte vart gjort vedtak om å söke same selskap om at tidsskriftet «Meddelelser fra Det norske myrselskap», gjennom Trøndelag Myrselskap, kunne bli sendt til medlemmer for ein redusert pris. Også denne søknad vart imøtekomi og det varer framleis.

4. Tidsromet 1904—1923.

Det som skil dette tidsromet frå åra etterpå i selskapets historie, er dei ulike arbeidsoppgåvene som selskapet tok opp i den første tida og seinare utetter åra. Det føremålsparagrafen først og fremst peikar på er støtte til den tekniske utnyttinga av myr, til brensel og torvstrø, men på grunn av dei små pengemidler som selskapet rådde over, gjekk arbeidet ut på å agitera for myrsaken.

Ei viktig oppgåve var å arbeide for *brenntorvdrifta*. Med tanke på å skaffe brenntorv til Trondheim by, vart teki opp arbeid for ein brenntorvfabrikk på Heimdalsmyra, 12 km frå Trondheim.

Førebuande arbeid med opptaking av kart over myra og med uttaking av prøver til analyser vart utført av *landbruksingeniørassistent O. T. Bjanes* (seinare landbruksdirektør). Formannen fekk i oppdrag å utarbeide kostnadsoverslag og rentabilitetsutrekningar for ein slik fabrikk. Våren 1906 vart formannens utgreining og Bjanes sine undersøkingar lagt fram for styret i selskapet. Styret, og likeså årsmøtet i selskapet, vedtok å sende denne utgreininga til Trondhjems Magistrat og Formannskap med oppmoding om å söke å få sett i gang kommunal brenntorvfabrikasjon på Heimdalsmyra. Noko brenntorvdrift kom ikkje i gang før det vart brenselkrise under første verdenskrigen (1914—1918). Trondheim kommune kjøpte da ca. 1000 dekar av Heimdalsmyra og dreiv torvdrift i fire år. Torva frå myra var god og fekk godt renommé, men den vart for dyr når den igjen fekk konkuransen med kol og koks.

Selskapet arbeidde også for å få i gang små *brenntorvanlegg*. I det høve fekk det utlånt ei torveltemaskin frå firmaet Gullowsen i Kristiania. Det vart først prøvd å stasjonere den i Nordre amt, men da det ikkje lukkast, vart den i 1906 prøvd på Ustmyra ved Heimdal, på gardbrukar O. L. Kolstads eigedom og med gardbrukaren som prøveleiari. Desse prøvene fall ikkje heldig ut, og maskina kom ikkje i drift meir. M.a. var folka uøvde i å tjene maskina, men torva var av god kvalitet. Selskapet tilsette for ei tid O. L. Kolstad som rettleiar i brenntorvdrift og torvstrødrift. Mindre reisetilskott vart også utdelt for å studere torvdrift i Sverige.

Tilverking av *torvstrø* sto langt framme allerede i førstninga av

dette hundreåret. Mange torvstrøfabrikkar vart reist i begge fylka. Kapital til å reisa desse kunne ikkje selskapet skaffe. Når det kom søknader om tilskott til å reise fabrikkanlegg, da måtte staten tre til. Men å spreia opplysning om bruken av torvstrø, tok selskapet seg av. Såleis reiste assistent Bjanes omkring i begge fylka og heldt foredrag og agiterte om dette emnet. Han skreiv også ei brosjyre, «Om torvstrø», som Trøndelag Myrselskap kjøpte forlagsretten til. Denne vart trykt og spreidd i eit antal av 2800 eksemplar til medlemer, institusjonar og andre interesserte.

Gjødslingsforsøk på myr sto og på selskapet sitt program. Desse byrja i 1905 under leing av *landbrukskjemiker, dr. E. Solberg*. Det norske myrselskap ytte i 1906 kr. 200,— til føremålet under den føresetnad at dr. Solberg ved den landbrukskjemiske kontrollstasjonen i Trondheim, styrde med forsøka. Første året var tinga 13 over gjødslingsforsøk i eng, og 3 kalkings- og bakteriesmittingsforsøk.

Det kan ha sin interesse her å ta med resultat frå eit gjødslingsforsøk på Ustmyra hos gardbrukar O. L. Kolstad, Heimdal. Han hadde drevi brenntorvstikking på myra og avtorva eit stort stykke, men det sto igjen eit botnlag på ca. 1 m djupn over mineraljorda. (Den beste brenntorva var igjen, men den vanskelegaste myrtypen å dyrka). Ein analyse av myra gav følgjande resultat.

Kvelstoff	611	kg/dekar til 20 cm d.
Fosforsyre	59	—»—
Kali	66	—»—
Kalk	351	—»—
Aske	5,12 %	

Feltet vart tilsådd med timotei og havre 1. juni og det vart hausta som grønfôr 17. august. Avlinga av friskt grønfôr vart i kg pr. dekar:

Gjødslingsnr.:	1	2	3	4	5	6
Grønfôravling:	1325	483	930	1225	490	254
Gjødselmengder pr. da:						
Thomasfosfat kg	80	80	80	80	80	80
37 % kalligjødning kg	25	25	25	25	25	25
Chilisalpeter kg	15	0	15	15	0	0
Kalk (CaO) kg	400	400	400	0	0	0
Leir — lass	80	80	0	80	0	0
Nat.gjødsel — lass	0	0	0	0	10	0

Nokon komentar til resultatet skal ikkje bli gitt, men berre nemne at myra var vanskeleg dyrkingsmyr og avlingane er ikkje store trass i den gode gjødslinga og jordbetringa. Men ein ting kan ein merke seg, den gode verknad av Chilisalpeter (nitrogen). Dette vakte oppsikt utover landet og vart omtala i fagblad. Å bruke kvelstoffgjødsel på myr var ikkje god lære. Myr inneheldt så mykje av dette stoffet at det var ikkje nødvendig å gjødsle med det på nydyrka myr. Også su-

maren 1907 vart gjødslingsforsøk utført i samarbeid med Det norske myrselskap på i alt 12 gardar. 6 forsøk med overgjødsling i eng, og 6 forsøk med ulik gjødsling i samband med grusing og kalking ved attlegg til eng. Forsøka skulle gå gjennom fleire år.

I dei aller fleste tilfelle hadde kunstgjødsel lønt seg godt, og ei mengd på 50 kg Thomasfosfat + 50 kg kainitt pr. dekar har gitt godt resultat. Berre på nydyrka myr var Chilisalpeter nødvendig for lønsemda. Dette var gode opplysninger for myrdyrkarane.

I dei første åra selskapet verka, kom det også inn søknader om tilskott til nydyrkning av myr. Desse søknader kunne ikkje bli tilgodesett, avdi selskapet vanta pengar til det.

For å kunne yte hjelp til *nydyrkning av myr* tok selskapet i 1908 opp den oppgåva ved å söke Landbruksdepartementet om kr. 2 500,— til føremålet. Staten løyvde kr. 1 000,—, men sette som vilkår at dei to fylka skulle løyve halvparten, kr. 500,—. Dette vart imøtekomni, og frå det tidspunkt blir «*å gi tilskott til oppdyrkning av myr*» det viktigaste arbeid for selskapet. Allerede ved første utdeling av tilskott var det innkome i alt 35 søknader. 11 fekk tilskott med i alt 1 170,— kroner, og 138 dekar var dyrka. Tilskotta var å sjå som ei gåve. Kostnadsoverslag vart utarbeidd av amtsagronomane, og tilskottet vart gjeve etter 25 % av kostnadsoverslaget. Søkjara plikta å utføre dyrkingsarbeidet innan 3 år, og å følgje den plan som var lagt for arbeidet. Tilskottet vart utbetalt etter kvart som arbeidet skreid fram. Siste del når arbeidet var ferdig og godteki av selskapet. Dyrkaren vart av selskapet oppmoda om å føre rekneskap og å gje melding om resultatet av dyrkinga og lønsemda. Det vart etter kvart fleir og fleir som ville gjera seg nytte av denne tilskottsordninga.

Etter Stortingsvedtak av 19. november 1920 vart det staten som overtok planleggingsarbeidet med nydyrkninga og tilskotta til denne. Det som låg til grunn for ordninga var innstilling frå «Nydyrkingskomitéen av 1918» som la fram si innstilling i 1919: «Angående offentlige foranstaltninger til jorddyrkings fremme». Landbruksdepartementet la etter denne innstillinga fram forslag om tilskottsordning som vert vedteki og som seinare i hovuddraga er fylgd.

Trøndelag Myrselskap måtte såleis gå til nedtrapping av sitt arbeid for myrdyrking da den også kom inn under den nye forvaltning. Det var innkomne mange søknader om tilskott, i alt 107 i 1920. Selskapet sökte da staten om kr. 58 000,— som tilskott for å få fullført det arbeid som allerede var i gang. Landbruksdepartementet imøtekom i 1921 denne søknad og stilla summen til råvelde utan krav om private tilskott frå selskapet. Dei kr. 2 500,— som av staten var løyvd selskapet for dette året, fall bort da begge fylka avslo å løyve sin del til føremålet.

For tildeling av nydyrkungstilskottet var sett det krav at brukaren sin formue ikkje måtte vera større enn kr. 25 000,— og innkoma ikkje større enn kr. 4 000,—. Det vart såleis dei mindre gardbrukarar og småbrukarane som kunne få slike tilskott.

I dei 16 åra Trøndelag Myrselskap har hatt oppdyrking av myr på arbeidsprogrammet er det utdelt tilskott til 339 myrdyrkarar med i alt kr. 81 000,—. Av dette har staten løyvd kr. 65 500,—, det resterande av begge Trøndelagsfylka.

Ein kan vel seja, at utan desse tilskotta, ville dette myreal ikkje vorti dyrka. Men det er også andre grunnar til at interessa for dyrking av myr tok seg opp att. Dyrking av ny jord var i ålmen vekst. Tilliten til myra som dyrkingsjord tok til å veksa. Selskapet sine gjødslingsforsøk under leiing av dr. Solberg viste og veg i arbeidet. Dertil kjem at etter Det norske myrselskaps forsøksstasjon frå 1907 sendte ut sine resultat frå myrdyrkingsforsøka på Måresmyra, sto ein også tryggare i rettleatingsarbeidet for dyrking av myr.

Det arbeid Trøndelag Myrselskap la ned for oppdyrking av myr, var eit pionerarbeid.

5. Tidsrommet 1924—1974.

Etter at det vart slutt med selskapets arbeid med tilskott til oppdyrking av myr, var det spørsmål om det kunne ta opp nye arbeidsoppgåver eller å avvikle selskapet. Landbruksdepartementet spurde om selskapet kunne tenkja seg å ta opp arbeidet med bureising på myr og ba om ei fråsegn frå selskapet om det. Etter at oppmodinga frå departementet hadde vori drofta i styremøte 22. oktober 1921, var det vedteki at det ikkje kunne påta seg denne oppgåva, da dei midler selskapet hadde å arbeide med eller kunne skaffe, var for små til å kunne løyse slike oppgåver. Framtidsutsiktene for selskapet vart drofta på fleire møter, og til slutt vart det gått inn for desse arbeidsoppgåver:

1. Undersøking av myr, kartlegging og bonitering.
2. Gjødslingsforsøk.
3. Støtte av arbeid vedkomande grøfting av myr og kultivering av sumpig skog og mark.

Det var det første punktet som arbeidet framover kom til å koncentrera seg om — ei systematisk kartlegging og undersøking av myrane i begge fylka, herad for herad.

Opplegget til arbeidet gjekk ut på å opppta kart over myrene, vanligvis i målestokken 1:2000, eller 1:5000, og med ein ekvidistanse på 1 à 2 m, fastsetting av myrdjupna og undergrunn. Boniteringa gjekk ut på å utskilje brenntorv, mosetorv og etter myrprofilane å rekne ut massen av brenntorv og mosetorv, og likeså vart utskilt dyrkingsmyr. Prøver til kjemiske analyser av dei ymse myrtyper vart utteki under boniteringsarbeidet. Dette var og eit arbeid som krevde midlar, og styret samtykte i å halde fram med arbeidet så lenge midlane

cillot det. I eit skriv til Det norske myrselskap om råd og rettleiing i myrundersøkingar, fekk selskapet til svar at den som skulle drive myrundersøking m.v. burde ha eit kurs ved Torvskolen i Våler. Styremedlem, gardbrukar Joh. Fjølstad, var villig til å ta eit slikt kurs for seinare å utføre kartleggingsarbeid av myr m.v., men han kom ikkje til å gjennomføre det.

Det første arbeidet med systematisk undersøking av myr byrja i 1924. *Torvingen* i Jebe Stensås vart tilsett for det året. Han undersøkte 16 myrrar i Klæbu og 7 på Byneset, med eit samla areal etter tur 3690 dekar og 4800 dekar. Frå myrane vart utteki analyseprøver og det vart utarbeidd detaljkart av myrarealene.

For å kunne halde fram med arbeidet måtte meir midlar skaffast. Styret vedtok difor i 1931 å söke sparebankar og heradsstyrer i Trøndelagsfylka om tilskott til verksemda, og likeså om tilskott årleg frå Det norske myrselskap for med desse tilskott å kunne halde fram med arbeidet. Dette lukkast, og arbeidet heldt fram.

Frå 1925 og utover til 1948 vart undersøkingane og kartlegginga av myrane utført under leiing av direktør *Håkon O. Christiansen*. Ingeniør *Th. Løvlie* føresto oppmålingsarbeidet i mange år, og dessutan har teknikar *Odd Håvig*, *Trygve Christiansen*, *Håkon Odd Christiansen* og *Tore Braadlie* medverka i dette oppmålingsarbeidet. Frå 1947 til 1951 har landbrukskandidat og landmålar *Karle Kjølstad* utført oppmålingsarbeidet m.m.

Den systematiske framgangsmåten med å ta for seg herad for herad med myrundersøkingar kunne ikkje heilt følgjast. Det kom nemleg spesielle oppdrag om undersøkingar og oppmåling av myrstrekningar frå landbruksselskapa med tanke på dyrking til bureising, likeså frå bureisingsselskapet NY JORD, også med tanke på bureising. Dette arbeid måtte ein da ta for seg. Også frå private kom spørsmål om undersøking av brenntorv og strøtorvforekomster. På fleire av dei undersøkte myrstrekningar vart det seinare starta reising av nye gardsbruk. Såleis skal nemnast *Nerskogen i Rennebu*, *Måmyra i Åfjord*, *Varghiet i Stjørna* og fleire stader. Frå Jordvernkomiteen fekk selskapet oppdrag om undersøking av brenntorvmyrar i kyststroka i begge fylker, rapport om resultatene av desse undersøkingar blei sendt komiteen.

Det vil føra for vidt her å nemne dei enkelte myrar som er undersøkte, men i åra inntil 1953 har Trøndelag Myrselskap kartlagt ca. 600 000 dekar myr i begge fylka. Dette areal utgjer ca. 12 % av det myrareal som etter Landsskogtakseringen er funne i fylka. Det er da ikkje rekna med dei myrareal som ligg i fjellet over skoggrensa.

På årsmøtet i Det norske myrselskap i Oslo den 3. mars 1933, heldt formannen i Trøndelag Myrselskap, direktør *Håkon O. Christiansen*, foredrag om «*Myrarealer og myrundersøkelser*». Med utgangspunkt i dei prinsipp som Trøndelag Myrselskap hadde arbeidd etter i sine myrundersøkingar, understreka han at for utnyttinga av myrane, var det ikkje nok å kjenne arealene, men også til dei ymse myrtyper som



Arealstatistikk i daa. hekt.					
Antall	Distan	Opprinnelse	Brukstyp	Grunnlag	Messingsnr.
1	100,0				
2	40,0				
3	10,0				
4	10,0				
5	10,0				
6	10,0				
7	10,0				
8	10,0				
9	10,0				
10	10,0				
11	10,0				
12	10,0				
13	10,0				
14	10,0				
15	10,0				
16	10,0				
17	10,0				
18	10,0				
19	10,0				
20	10,0				
21	10,0				
22	10,0				
23	10,0				
24	10,0				
25	10,0				
26	10,0				
27	10,0				
28	10,0				
29	10,0				
30	10,0				
31	10,0				
32	10,0				
33	10,0				
34	10,0				
35	10,0				
36	10,0				
37	10,0				
38	10,0				
39	10,0				
40	10,0				
41	10,0				
42	10,0				
43	10,0				
44	10,0				
45	10,0				
46	10,0				
47	10,0				
48	10,0				
49	10,0				
50	10,0				
51	10,0				
52	10,0				
53	10,0				
54	10,0				
55	10,0				
56	10,0				
57	10,0				
58	10,0				
59	10,0				
60	10,0				
61	10,0				
62	10,0				
63	10,0				
64	10,0				
65	10,0				
66	10,0				
67	10,0				
68	10,0				
69	10,0				
70	10,0				
71	10,0				
72	10,0				
73	10,0				
74	10,0				
75	10,0				
76	10,0				
77	10,0				
78	10,0				
79	10,0				
80	10,0				
81	10,0				
82	10,0				
83	10,0				
84	10,0				
85	10,0				
86	10,0				
87	10,0				
88	10,0				
89	10,0				
90	10,0				
91	10,0				
92	10,0				
93	10,0				
94	10,0				
95	10,0				
96	10,0				
97	10,0				
98	10,0				
99	10,0				
100	10,0				
101	10,0				
102	10,0				
103	10,0				
104	10,0				
105	10,0				
106	10,0				
107	10,0				
108	10,0				
109	10,0				
110	10,0				
111	10,0				
112	10,0				
113	10,0				
114	10,0				
115	10,0				
116	10,0				
117	10,0				
118	10,0				
119	10,0				
120	10,0				
121	10,0				
122	10,0				
123	10,0				
124	10,0				
125	10,0				
126	10,0				
127	10,0				
128	10,0				
129	10,0				
130	10,0				
131	10,0				
132	10,0				
133	10,0				
134	10,0				
135	10,0				
136	10,0				
137	10,0				
138	10,0				
139	10,0				
140	10,0				
141	10,0				
142	10,0				
143	10,0				
144	10,0				
145	10,0				
146	10,0				
147	10,0				
148	10,0				
149	10,0				
150	10,0				
151	10,0				
152	10,0				
153	10,0				
154	10,0				
155	10,0				
156	10,0				
157	10,0				
158	10,0				
159	10,0				
160	10,0				
161	10,0				
162	10,0				
163	10,0				
164	10,0				
165	10,0				
166	10,0				
167	10,0				
168	10,0				
169	10,0				
170	10,0				
171	10,0				
172	10,0				
173	10,0				
174	10,0				
175	10,0				
176	10,0				
177	10,0				
178	10,0				
179	10,0				
180	10,0				
181	10,0				
182	10,0				
183	10,0				
184	10,0				
185	10,0				
186	10,0				
187	10,0				
188	10,0				
189	10,0				
190	10,0				
191	10,0				
192	10,0				
193	10,0				
194	10,0				
195	10,0				
196	10,0				
197	10,0				
198	10,0				
199	10,0				
200	10,0				
201	10,0				
202	10,0				
203	10,0				
204	10,0				
205	10,0				
206	10,0				
207	10,0				
208	10,0				
209	10,0				
210	10,0				
211	10,0				
212	10,0				
213	10,0				
214	10,0				
215	10,0				
216	10,0				
217	10,0				
218	10,0				
219	10,0				
220	10,0				
221	10,0				
222	10,0				
223	10,0				
224	10,0				
225	10,0				
226	10,0				
227	10,0				
228	10,0				
229	10,0				
230	10,0				
231	10,0				
232	10,0				
233	10,0				
234	10,0				
235	10,0				
236	10,0				
237	10,0				
238	10,0				
239	10,0				
240	10,0				
241	10,0				
242	10,0				
243	10,0				
244	10,0				
245	10,0				
246	10,0				
247	10,0				
248	10,0				
249	10,0				
250	10,0				
251	10,0				
252	10,0				
253	10,0				
254	10,0				
255	10,0				
256	10,0				
257	10,0				
258	10,0				
259	10,0				
260	10,0				
261	10,0				
262	10,0				
263	10,0				
264	10,0				
265	10,0				
266	10,0				
267	10,0				
268	10,0				
269	10,0				
270	10,0				
271	10,0				
272	10,0				
273	10,0				
274	10,0				
275	10,0				
276	10,0				
277	10,0				
278	10,0				
279	10,0				
280	10,0				
281	10,0				
282	10,0				
283	10,0				
284	10,0				
285	10,0				
286	10,0				
287	10,0				
288	10,0				
289	10,0				
290	10,0				
291	10,0				
292	10,0				
293	10,0				
294	10,0				
295	10,0				
296	10,0				
297	10,0				
298	10,0				
299	10,0				
300	10,0				
301	10,0				
302	10,0				
303	10,0				
304	10,0				
305	10,0				
306	10,0				
307	10,0				
308	10,0				
309	10,0				
310	10,0				
311	10,0				
312	10,0				
313	10,0				
314	10,0				
315	10,0				
316	10,0				
317	10,0				
318	10,0				
319	10,0				
320	10,0				
321	10,0				
322	10,0				</td

var representerte der. Han omtalte dei detaljerte undersøkingar som var utførde for å nå dette mål.

Foredraget førte til at Det norske myrselskap den 6. april 1933 sette ned ei nemnd til å koma med framlegg til plan for dette kartleggingsarbeidet. I nemnda var desse med: *Direktør Christiansen, torvingeniør A. Ording* og *dr. agric. Aasulv Løddesøl* som da var sekretær i Det norske myrselskap. Planen vart lagt fram for styret for Myrselskapet den 2. juni same året, og den vart der godkjent som arbeidsgrunnlag for det framtidige arbeid for oversiktssmessige undersøkingar (myrinventering). Å gå inn på detaljene i denne plan vil ikkje bli gjort her, men enkelte ting skal nemnast.

Inventering av myr vil seia å få forråds- eller massestatistikk over kva vi har i myrane våre, det vera seg brenntorv og strøtorv, samt arealer av dyrkande myr. Detaljundersøkingane går noko lenger enn dei prinsippa Trøndelag Myrselskap arbeidde etter. Såleis blir fortovingsgraden (etter von Posts metode), moldingsgraden, dyrkingsverd og botanisk karakteristikk av myra bestemt. Spesielt vert peika på *kvar myrane ligg i terrenget* med avmerking på dertil eigna oversiktskart.

Det norske myrselskap tok desse reglane i bruk da det starta sitt inventeringsarbeid i landsmålestokk i 1934. Trøndelag Myrselskap kunne av ymse grunnar ikkje ta dei i bruk før i 1948.

Resultata av inventeringa blir gitt i oversiktstabellar for kvart fylke heradsvis med nr. og namn på myra. Detaljtabellar over ulike myrkvaliteter og kjemiske analyser blir ført for kvar myr. Alt blir arkivert, så interesserte kan få dei opplysninga dei ønsker.

Trøndelag Myrselskap tilsatte i 1947, sivilagronom Karle Kjølstad som den utførande fagmann. Han gjorde ein del kartleggingsarbeid og undersøkelser m.v., men slutta i stillinga i 1951. I åra som følgde viste det seg vanskeleg å få tilsett nokon med den nødvendige faglege innsikt som dette arbeidet førte med seg, og det vart difor søkt samarbeid med Det norske myrselskap. Det vart da myrkonsulent Osc. Hovde som hadde jordskifteutdaning og som tidlegere var godt inne i inventeringsarbeid som fekk oppgåva med de første heradene. Seinare har myrkonsulent Einar Wold og andre av Myrselskapets folk arbeid med myrinventeringar i Trøndelag.

Første inventeringsarbeidet vart utført i heradene på øya Hitra. Dei største myrarealene der vart kartlagt og bonitet av Trøndelag Myrselskap i 1932—33, men undersøkingar måtte til på de øvrige areala. Her skal eg gje eit oversyn over dei meldingane som hittil er utkomen om myrinventering i dei to fylka:

Myrene i Sandstad herred,	1954	v/konsulent	Oscar Hovde.
» » Fillan herred,	1955	»	»
» » Hitra herred,	1956	»	»
» » Kvenvær herred,	1957	»	»
» » Leka herred,	1958	v/konsulent	Einar Wold.
» » Vikna herred,	1960	»	»
» » Nærøy herred,	1960	»	»
» » Flatanger herred,	1962	»	»
» på Frøya	1963	v/konsulent	Oscar Hovde.
» i Ørland herred,	1964	»	»
» » Bjugn	1966	»	»
» » Namdalseid	1969	v/konsulent	Einar Wold.
» » Rissa	1970	» førstesekretær	Arne Nesfeldt.
» » Osen	1971	» konsulent	Einar Wold.

I tillegg til desse meldingane har myrkonsulent Osc. Hovde publisera ei samlemelding, «Myrene på Hitra» i 1958 (etter at alle herader på øya vart slegi saman). I 1966 skreiv og publisera Hovde meldinga «Oversikt over myrene i Trøndelagsfylkene».

Alle desse meldingane er prenta i Meddelelser fra Det norske myrselskap og gjevi ut i særprent. Det er arbeid med tilrettelegging av myrinventeringar i Verdal herad og markarbeidet tok til innan Indal statsalmenning i 1973. Det var myrkonsulent Per Hornburg og førstesekretær Audun Grav som utførte arbeidet.

Det er eit stort og mangesidig arbeid nedlagt i å skaffe alle data for kartlegging og karakterisering av myrane. Vi skal vera merksame på at i dei fleste av dei nemnde herad er det ikkje dei store samanhangande myrflater ein har for seg. Den brotne topografiens har gitt høve til mange små myrflater. Såleis kan nemnast at i Flatanger var det i alt 57 serskilt nummererte myrområder, i Namdalseid 69 stk. Sjølvsgatt er det og ein del større flater, som t.d. på Hitra. Denne oppdelinga fører med seg meir arbeid enn med dei større myrar når det gjeld markarbeidet. I tillegg til dette kjem så kontorarbeid med kartteikning for kvar myr m.m. Alle analysene av myrprøvene er utførte ved *Statens landbrukskjemiske kontrollstasjon i Trondheim*, der selskapet alltid har møtt den beste samarbeidsvilje i dette arbeid.

Finansieringa er stort sett løyst ved tilskott frå kommunane, Det norske myrselskap og Trøndelag Myrselskap.

Eit lite utdrag av dei innvunne resultat er teki med i tabellen nedanfor, heradsvis for dei to fylka.

Her skal eg gjere merksam på at ein del av myrarealene som innår i dette oversynet er oppmålt av Trøndelag Myrselskap tidlegare, men det er komi til ein del utfyllande undersøkingar. Som eit døme skal nemnast Hitra. Dei største myrane der, Havmyrane, Singsmyrane og Skumfossmyrane i Sandstad og Kvenvær, Sandstadmyrane

Kort utdrag over inventerte myrarealer i Trøndelagsfylka 1958—71.

Fylke/herad	Myrareal			Brenntorv-masse. Mill. m ³	Dekar	Mosemyr	Grasmyr	Lyngmyr	Skogmyr
	Dekar	% av landareal				Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
<i>Sør-Trøndelag:</i>									
Hitra	35000	5,2	11,2	15450	18020	1280	250		
Frøya	6700	2,9	2,6	3700	1500	500	0		
Ørland	2530	3,2	0,3	500	1860	120	50		
Bjugn	10300	3,2	2,0	5380	4130	260	530		
Rissa	31360	5,0	0,2	10620	20520	0	220		
Osen	10250	2,7	0,3	1690	8560	0	0		
Sum	96140	4,2	16,6	38340	54590	2160	1050		
<i>Nord-Trøndelag:</i>									
Vikna	16920	5,4	0,7	12635	3980	305	0		
Leka	1270	1,2	0,1	610	660	0	0		
Nærøy	6500	4,9	0,6	4310	2030	0	160		
Flatanger	7350	1,7	0,1	4980	1935	15	420		
Namdalseid	47000	7,7	0,0	30100	16450	0	450		
Sum	79040	5,0	1,5	52635	25055	320	1030		

I prosent fordeler dei ulike myrtyper seg såleis:

Sør-Trøndelag: Mosemyr 39,4, grasmyr 56,1, lyngmyr 3, skogmyr 1,5.
 Nord-Trøndelag: Mosemyr 66,7, grasmyr 31,7, lyngmyr 0,4, skogmyr 1,1.

i Sandstad. Strømsdalsmyrane i Hitra og Kåvassmyrane i Kvenvær, dertil ei myr i Fillan, med i alt 16 600 dekar myr vart oppmålt i 1932 —33. Den seinare inventeringa på heile øya gav eit areal på 35 000 dekar myr. Dei ulike myrtyper er utskild, m.a. er utrekna kubikkmasse av brenntorv som kan takast ut etter lova om jordvern av 13. mars 1949.

Torvstikking til brensel har vori drivi på Hitra frå gammalt av, no er det mindre med det da elektrisiteten har komi til avløysing i alle fall for ein stor del. Ganske store arealer er avtorva og øydelagt. Nokon taloppgåve over dette finst ikkje. Jordvernkomiteen reknar med 260 dekar øydelagt areal der avtorvinga har gått for langt, det er da avtorva heilt ned på berget. Som kjent ligg mange av myrane like på fjellgrunn på Hitra, til liks med mange andre myrar på kysten. Lova om jordvern fastsett ei grense for kor djupt torvlag det skal vera igjen etter torvtakinga, alt etter korleis undergrunnen er. Dette er sers viktig for den framtidige bruk av jorda.

6. Mål og midler.

Det mål som Trøndelag Myrselskap gjekk inn for i 1924 var ei systematisk kartlegging og undersøking av myrarealene i begge

Trøndelagsfylka herad for herad. Arbeidet som følgde året etter, viste at dette vart eit langsiktig arbeid, og enda meir etter at arbeidet vart teki opp etter ei fyldigare plan enn til å byrja med: Ei inventering av brenntorv og strøtorv, og dyrkingsverdet av dei areal som vart nemnt dyrkingsmyr. Det som er avgjerande for farten i dette arbeidet, er fagleg arbeidshjelp og midlar til gjennomføringa.

Det var myrane i låglendet som først sto for tur, men det er og store myrstrekningar i fjellet, som ikkje vart medtekne i landsskogtakseringa. Desse areal kjem som tillegg til dei areal som nemnte taksering kom til. Ein del myrar i fjellet er kartlagt av selskapet, såleis i almenningane i Skogn herad, men dei er truleg medteki i takseringsarbeidet, da dei delvis ligg i skogland.

Etter lova for Trøndelag Myrselskap søkes midlane til verksemda skaffa med kontingenent frå medlemene, tilskott frå institusjonar og ved private og offentlege midlar. Ein må vel kunne seia at verksemda såleis er tufta på usikre faktorar. Det einaste faste er medlemskontingeneten, men denne inntekta har svinga frå år til år etter talet på medlemmar. Dette har aldri vori stort. Første året var medlemstalet 160, i 1909 130, og steig til 286 i 1922. Da vart det slutt med tilskotta til oppdyrkning av myr. Mange småbrukarar fall da frå som medlemmer, og i 1932 var medlemstalet 50. Ved 50-årsjubileet var talet 95, av dette 13 livsvarige. Ein vil av dette skjøna at denne inntekta har vori sterkt skiftande.

Årskontingenenten har sjølv sagt auka ut gjennom åra. Den var ved starten kr. 2,— pr. år, og f.t. er kontingenenten kr. 10,— pr. år. Elles har selskapet fått årlege tilskott frå fylka, kommunar og bankar, enkelte år også frå Det norske myrselskap.

For å gi eit bilde av dei økonomiske ressursar som selskapet har hatt til arbeidet, skal her takast med utdrag av rekneskapen for året 1970. Noko svingning frå år til anna har det sjølv sagt vori, snart i «positiv» og snart i «negativ» lei, men store har dei ikkje vori. Vi vil av det skjøna at «farten» i arbeidet ikkje kan bli stor.

Inntekter:

Beholdning frå forrige år	kr. 31 046,58
Tilskott frå Sør- og Nord-Trøndelag fylker	» 2 000,—
Tilskott frå kommuner	» 7 965,41
Tilskott frå bankar	» 125,—
Medlemskontingenent	» 950,—
Renter	» 1 238,61
Sum	kr. 43 325,60

Utgifter:

Reiseutgifter	kr. 729,—
Kontourutgifter, årsmøte etc.	» 1 223,75
Kartkopier, oppmåling	» 13 661,77
Beholdning: I bank, giro og kasse	» 27 711,08
Sum	kr. 43 325,60

7. Opplysningsarbeid.

Opplysning om myrsaka og om selskapet sitt arbeid er gjort ved foredragsverksemd, serleg dei første åra. Det vart da gitt rettleiing i brenntorvdrift og tilverkning og bruk av torvstrø. Som tidlegare nemt vart spreidd ei brosjyre av *O. T. Bjanes*, «Om torvstrø», i 2800 eksemplar i Trøndelagsfylka. Medan torv til brensel fekk mindre aktualitet like etter første verdenskrig, tok dette spørsmål seg igjen opp under okkupasjonen i 1940—45.

På årsmøta i selskapet gjorde formannen greie for det arbeid som var utført, såleis om dei første gjødslingsforsøk på myr. Resultatene av dei er gjort kjent i Det norske myrselskaps tidsskrift og såleis kome til kunnskap for fleire. Etter 1924 er det resultata av oppmålingsarbeida som det er utgreidd om, og etter at myrinventeringsarbeidet er utført i samarbeid med Det norske myrselskap, har dette selskap sine konsulentar haldi foredrag om dei vunne resultat. På årsmøta har det og vori foredrag om resultat frå forskingsarbeid ved forsøksstasjonane og frå det praktiske myrdyrkingsarbeid. Emna har gått ut på å klarleggja dei oppgåver som melder seg ved dei ymse utnyttingar av myrjorda. Bureising på myr har og vori drøfta. I det heile har selskapet prøvd å fylgje med og gje opplysning om den utvikling som bruk av myr er undergitt. Foredragshaldarar har vori fagfolk, oftast frå Det norske myrselskap og frå selskapet sin forsøksgard på Mæresmyra. Årsmøta har i mange år vori avvikla i samband med landbruksveka i Trondheim, og foredragsmøtet har alltid vori godt besøkt av interesserte folk.

Myrselskapet har også teki del i ymse utstillingar for å gi opplysningar om sitt arbeid på den måten. Såleis har det vori med ved:

Jubileumsutstillinga i Kristiania i 1914.

Trøndelagsutstillinga i Nidaros i 1930.

Utstillinga på Tunga i Trondheim i 1972 saman med Det norske myrselskap.

Ei anna side ved opplysningsarbeidet er at medlemene i Trøndelag Myrselskap får «Meddelelser fra Det norske myrselskap» til nedsett pris.

8. Trøndelag Myrselskaps formenn og styremedlemmer i dei 70 åra.

Formenn:

Landbruksingeniør G. Arentz	1904—1916
Kaptein E. Hartmann	1917—1918
Landbrukskjemiker dr. E. Solberg	1919—1930
Direktør H. O. Christiansen	1931—1951
Landbrukskjemiker O. Braadlie	1952—1963
Gardbrukar Nils Berg	1964—1971
Herredsagronom C. I. Storøy	1972—



*Landbruksingeniør
G. Arentz,
formann 1904—1916.*



*Kaptein E. Hartmann,
formann 1917—1918.*




*Landbrukskjemiker,
dr. E. Solberg,
formann 1919—1930.*




*Direktør
Håkon O. Christiansen,
formann 1931—1951.*



*Landbrukskjemiker
O. Braadlie,
formann 1952—1963.*



*Landbrukskjemiker
A. Moen,
kasserer og sekretær
1952—1956.*



Gårdbruker Nils Berg,
formann 1964—1971.



Herredsagronom
Carl Ivar Storøy,
formann 1972—



Landbrukskjemiker Ulf Wirum,
sekretær og kasserer 1957—



Forsøksleder Hans Hagerup,
Jubileumsmeldingens forfatter.

Varaformenn:

Landbrukskjemiker dr. E. Solberg	1904
Amtmann Th. Løchen	1905—1906
Lærar O. Brå	1907—1910
Kaptein E. Hartmann	1911—1916
Landbruksingeniør G. Arentz	1917—1928
Forsøksleiar H. Hagerup	1929—1969
Fylkeslandbruksjef M. Sjøgard	1970—1972
Gardbrukar J. Storm-Nielsen	1973—

Styremedlemmer:

Amtmann Th. Løchen	1907—1910
Lærer O. Brå	1904—1906, 1911—1912
Landbrukskolestyrar J. Aasenhus	1904—1915
Brukseigar E. Schult	1904—1911
Landbrukskjemikar dr. E. Solberg	1905—1908
Kaptein E. Hartmann	1909—1910
Lensmann A. S. Bye	1909—1920
Gardbrukar O. L. Kolstad	1912—1913, 1916—1921
Landbrukskolestyrar J. Okkenhaug	1913—1934
Gardbrukar Th. Gundersen	1915—1921
Forsøksleiar J. Lende-Njaa	1919—1921
Forsøksleiar H. Hagerup	1922—1928
Gardbrukar J. Fjølstad	1922—1937
Assistent M. Waagø	1922—1946
Fylkeslandbruksjef I. Grande	1932—1955
Fylkeslandbruksjef A. Eggen	1935—1952
Sokneprest O. Røkke	1938—1939
Ingeniør A. Moen	1940—1953
Lektor H. O. Christiansen	1947—1966
Fylkesagronom H. Syrstad	1948—1972
Fylkeslandbruksjef M. Sjøgard	1953—1972
Landbrukskjemiker U. Wirum	1956—
Gardbrukar L. Lie	1967—1972
Herredsagronom C. I. Storøy	1970—1971
Gardbrukar Nils Berg	1973—
Sivilagronom H. B. Hansen	1973—
Fylkesagronom H. Eriksen	1973—

Som sekretær og kasserar har desse fungert:

Landbrukskjemiker dr. E. Solberg	Direktør H. O. Christiansen
Landbrukskjemiker O. Braadlie	Landbrukskjemiker A. Moen
Landbrukskjemiker U. Wirum	

Styret i jubileumsåret:

Herredsagronom C. I. Storøy, formann	Gardbrukar N. Berg
Gardbrukar J. Storm-Nielsen, varaformann	Sivilagronom H. B. Hansen
	Landbrukskjemiker U. Wirum
	Fylkesagronom H. Eriksen

Varamenn til styret:

Gardbrukar J. Vaadan	Sokneprest h.v. O. Røkke
Herredsagronom B. Meldal	Sekretær N. Prestmo
Amanuensis S. Tiller	Sivilingeniør E. Kongsvik

9. Sluttord.

Dei 70 åra som det her er gitt eit stutt utsnitt av for Trøndelag Myrselskaps verksemd, viser ei interessant utvikling i det ålmene synet på myr og dei verdiar som myrane representerer. Dette gjeld da i første rekke myra brukt til plantedyrkning og skogreising. Ved hundreårsskiftet såg dei på myrarealene som impediment og mindre skikka til nemnte føremål. Forskinga ved forsøksgardane har snudd dette synet, og *Trøndelag Myrselskap* har på sin måte vori med og formidla dette for Trøndelags vedkomande. Men bruken av myr og torv stanser ikkje med det. Brenntorvdrift og torvstrøproduksjon tilhører riktig nok no i stor grad historia her i landet, men ein har fått andre former for teknisk utnytting av torv. Mosetorv med og utan gjødseltilsetting blir såleis i aukande grad produsert og omsett som jordforbetringsmiddel og voksemedium til bruk i hagebruk og gartneri. Fabrikasjon av plantepotter og andre komprimerte torvprodukter for plantedyrkning har fått stort omfang. Myr er såleis ein ressurs som har stor verdi. Ei anna side ved myrane, og som har vori lite påakta, er at dei er biotopar — verestader — for dyr og fuglar. Det er difor nødvendig å verne om ymse spesielle områder for å berge dette «viltlivet».

Fjellmyrane har vori lite påakta før, men kultiveringsforsøk har vist at her kan vi og få gode høyavlingar, 250—300 foreiningar pr. dekar, der dei i naturstand ikkje gir meir enn 20—30 f.e. og av därleg kvalitet. Overfører vi desse tal til større arealer, kjem ein straks til høge tal. Fleire stader har dette ført til moderne seterdrift, også her i Trøndelag. Men veg må førast fram til områda for å løyse dei bundne verdiane.

Ikkje alle er klar over kva verdiar som ligg i fjellmyrane, det trengs difor vern om desse områder, først og framst mot neddemming. Det er difor nødvendig å få dei utsette områder kartlagt og få klarlagt kva verdiar som er i faresonen *før det er for seint*.

Til slutt vil *forfattaren helsa* 70-åringen med ønskje om at *Trøndelag Myrselskap* må få levevilkår, slik at det mål som selskapet sette seg i 1924: *Å få kartlagt myrarealene i Trøndelagsfylka og klarlagt verdiene av dei*, kan bli realisert. *Lukke til.*

10. Kjelder.

1. Hasund, S.: Myrdyrking, Grøndahl og Søn 1910.
2. Hovde, O.: Det norske myrselskaps myrinventeringer 1934—70. Sætrykk nr. 2 1971 av Meddelelser fra Det norske myrselskap.
3. Løddesøl, Aa.: Myrene i næringslivets tjeneste. Grøndahl og Søn 1948.
4. Meddelelser fra Det norske myrselskap 1905—1972.
5. Skeien, O. og Vigerust, Aa.: Taksering av Norges skoger, bind IV og VI.
6. Stangeland, G. E.: Torvmyrer i Norge N.G.U. 1896.
7. Vethe, K.: Det norske myrselskap. Jubileumsmelding 1902—1952.
8. Wirum, U.: Trøndelag Myrselskap 1904—1954. 50-årsmelding.

Etterord

Da denne melding skulle skrives, var det naturlig å spørre Hans Hagerup om han ville gjøre dette. Han har vært styremedlem siden 1922 til 1969, mesteparten av tiden som varafemann, og kjenner således Trøndelag Myrselskap bedre enn noen annen.

Hans Hagerup kjenner også norske myrer og norsk myrdyrking bedre enn de fleste. I 44 år, fra 1918 til 1962, da han fylte 70 år, var han knyttet til Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæremyra i Sparbu. For det arbeid han har utført som forsøksleder ved Myrselskapets forsøksstasjon er han tildelt H.M. Kongens fortjenstmedalje i gull.

Trøndelag Myrselskap takker Hans Hagerup for det arbeid han har nedlagt som styremedlem i selskapet i 47 år og for utarbeidelsen av selskapets 70-årsmelding.

En liten organisasjon som Trøndelag Myrselskap, med heller få personlige medlemmer og hovedsakelig uten faste funksjonærer, har opp gjennom åra vært svært avhengig av tjenestvillige tillitsmenn og andre institusjoner for å kunne eksistere. Det er spesielt grunn til i første rekke å takke flere tjenestemenn ved Statens landbrukskjemiske kontrollstasjon, Trondheim, og Det norske myrselskap, Oslo, for all den hjelp disse, helt fra stiftelsen, har ytet selskapet. Bestyrerne ved Statens landbrukskjemiske kontrollstasjon har gjennom de fleste år vært selskapets formenn eller sekretærer. Bestyrer Ulf Wirum fungerer nå som sekretær og kasserer.

Formelt er Trøndelag Myrselskap tilknyttet Det norske myrselskap som underavdeling. Dette synes å ha vært en fruktbar symbiose. Uten Det norske myrselskaps bistand hadde det, hverken i fortid eller framtid, vært mulig å tenke seg gjennomførelsen av selskapets formålsparagraf: «— — — å virke for utnytting av myr i Sør- og Nord-Trøndelag fylker.»

Til alt dette trengs imidlertid penger.

Trøndelag Myrselskap takker ved denne anledning alle som økonomisk har støttet selskapet, og på denne måte vært med og bidratt til en bedre kunnskap om de verdier som ligger i de trønderske myrer.

Trondheim/Overhalla, januar 1974.

For styret
Carl Ivar Storøy